

## Oppsummeringsmøte i Herand etter turistsesongen 2017

19 sept 2017 kl 19 i Herand Kulturhus

### Til stades (tilknytning til turisme):

Kenneth Tolås (utleige airBnB)  
Kristine Drake (utleige i Jondal airBnB, og Jondal Frivilligsentral)  
Arjen Stolk (utleige Booking.com for Hardanger Rom & Harmonium)  
Marna Roer (utleige Booking.com for Hardanger Rom & Harmonium, arrangør turopplegg)  
Alvhild Samland (Husflidskrokjen)  
Kaia Gulbrandsen (utleige Bakketun Overnatting / Destinasjon Hardangerfjord)  
Gunnar Dalseth (utleige AirBnB, Bygdelaget) (referent etter beste emne)  
Martha Samland (arrangør turopplegg)  
Kenneth Vikane (Bygdelaget)  
Sigmund Eiken (Bygdelaget)

Vassel Gard ikkje representert her – har både hytter og telt, fleire tusen gjestedøgn i sommar!  
Bakketun – medlem i Destinasjon Hardangerfjord pluss eiga nettside. Hatt mange lange opphald, og folk som kjem igjen. Har ein del skifolk tidleg og seint i sesongen. Hardanger Rom & Harmonium – god sesong, men mange kortvarige opphald. Samarbeider med Kramsjø og får ein del gjester derifrå. Husflidskrokjen – nede frå 8 frivillige til 5. Pause frå mid-oktober, vonar å kunne starte igjen til våren.

**Besøksmål – eksisterande og potensielle:** Besøkande skal på Trolltunga, eller på Folgefonna, eller berre utforske området. Mange har klare planar om stadar dei skal besøke, og det kan vere ein fordel å få fram Herand meir på ymse nettsider etc. Litt ulike oppfatningar av kor viktig Trolltunga er i år samanlikna med tidlegare, kanskje avhengig av kva slags nettside som folk har brukt for å kome hit. Boooking.com har kanskje meir om Trolltunga på sine sider. Generelt ser det ut som besøkande til Trolltunga har gått ned i frå i fjor, men at der er meir turistar som skal dit seint i sesongen.

Mange besøkande veit ikkje om allemannsretten og at det er fri fredsel i fjellet. Kan også få ut meir informasjon om det. Talet på besøkande som går i fjellet går likevel opp, også utlendingar (utanom dei kjente turmåla). Vi saknar *merka løype frå Fonnastøl til Tostøl* (gjennom Viddal), og *reparering av brua på Tostøl* (opnar for turar frå Tostøl i retning Jonstein, eller gå rundt Viddalsvatnet), og *fleire skilt* der stiar tek til og i vegkryss. *Ut.no* – vi kan legge ut nye turar på desse nettsidene!! men krev å registrere seg. Dessutan er ut.no diverre berre på norsk. *Kan legge inn markørar* på [maps.google.com](https://maps.google.com)!!! *Sjekk hos idrettslaget angående merking* etc.

**Tilskipping av bussturar:** Har fått ein del med ingen spesiell markedsføring, går under landskapsparkgruppa i bygdelaget. Marna har fått telefonar i fjor, Knapphus Buss, Tide Buss, Senioruniversitetet i Åsane. Mest pensjonistar. Dei får opplegg med lokale guidar og mat. Er det mulig å markedsføre seg for bussturar frå utlandet? Dette vil i så fall vere mest pensjonistar som berre vil stoppe i Herand med overnatting ein annan plass. Før og etter den vanlege sesongen? Dette vil utgjere ein del arbeid, men er eit klart potensiale. *Ha det i mente.*

**Helleristningane** – meir for spesielt interesserte. Det er ikkje lenger lov å markere rissa med farge, og dermed blir det vanskeleg å sjå teikningane og mindre interessant. *Vi spør kommunen* om dei kan hjelpe til med å legge heller rundt svaet slik at folk ikkje skal måtte vasse i gjørme (og kanskje gå oppe på feltet i staden!).

**Samlen:** Ha press på for å få fasilitetar, P-plass!! Den blir berre meir populær. *Skjer det noko i kommunen???*

**Pakke for reisande med ekspressbåten** – absolutt potensial for å lage dagsopplegg i Herand som kan bli markedsført av Tide. Dei vil ha tilgjengeleg opplegg kvar dag, ikkje berre nokre dagar i veka, og dermed krevst det jamn arbeidsinnsats. *Ha det i mente.*

**Båtutleige** kan vere vanskeleg å styre, vi bør unngå at turistar utan kompetanse og båterfaring legg åleine utpå. Mulig å lage fellesturar med båtførar / guide? - treng i så fall folk til å ta seg av turane! Samarbeid med Jondal? *Ta med til oppsummering i Jondal.*

**Markedsføring:** Søkeord på nettsider - viktig å *velge gode ord* for dei som har sider ute. Relater til Jondal, Hardanger, Folgefonn Glacier. Tekst til fotos viser også på Google ved utlegg av fotos.

Vanskeleg å få fram info på [visitjondal.no](http://visitjondal.no). Ynskjer meir samarbeid med Juklafjord. Gi input til meir info om Herand på nettsidene. *Ta med til oppsummering i Jondal.*

Kan ha infokanal / nettside / skjerm med rullerande info på strategiske stader – treng ressursar for tilretteleggjing og administrasjon. *Ta med til oppsummering i Jondal.*

Nøkkelord å bruke: *Stille, ro, rein luft.*

**Sesonglengde:** Kan vi få meir i «skuldresesongane» (sein vår / tidleg haust)? Kan hotellet ha ope lenger, etter 1.sept? Ha turnus mellom hotell/Kramsjø osv på å ha kveldsope? Matsservering er eit problem utan høgsesongen! *Bringe problemet til oppsummering i Jondal.*

**Administrasjon:** Avløysingssystem for kvarandre? Når ein operatør vil sleppe fri nokre dagar. Avhengig av om plassen er komplisert / tungvint. *Viktig å ha personleg kontakt med kvarandre og kunne spørje.*

Problem med plass å bu for gjestearbeidarar som kjem for å jobbe med turistar. Eigentleg ikkje vårt ansvar, vi kan berre bruke det vanlege markedet for utleige. Mulig å plassere folk i Jondal? *Ta med til oppsummering i Jondal.*

Vask av sengetøy/handkle, ca kr 50 pr sett, levert i Herand. *Valen Vaskeri.*

Ein del hus står tome 11 månader i året – typisk har gått i arv til folk som bur vekke. Utfordre folk til å vere villig til å leige dei ut! Vil vere nødvendig med person som administrerer det, men potensielt marked.

Ein felles tilsett kunne ha oppgåver i administrasjon, tilretteleggjing, markedsføring etc. Men kvar er budsjettet???

«Work away» – ta inn frivillige som bur gratis og jobbar mot kost og losji. *Meir på [www.workaway.info](http://www.workaway.info)*